

Vår ref.:
20/01295-4

Dato:
06.05.20

Referat IDF - møte 3/20 (27.04.2020)

Møtes varigheit og stad: 12.30 – 15.00 på Teams

Til stede:

Arbeidsgjevar:

Berit Rokne	Rektor
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Wenche Fjørtoft	Avdelingsleiar HR
Linn Melby Meyer	Referent

Arbeidstakar:

Kristin Lofthus Hope	Forskerforbundet
Ingrid Råheim Grønsdal	Utdanningsforbundet
Reidun Stavland	Norsk sykepleierforbund
Tone Skjerdal	NTL
Kari Smørås Brakstad	Parat
Pål Albert Olsen	Akademikerne
Nina Samnøy	Akademikerne

Karin Bell	Hovudverneombod
------------	-----------------

Sakliste:

FASTE PUNKT

14/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

INFORMASJONS- / DRØFTINGSSAKER –

15/20 Saker til styremøte

Rektor deltok i møtet for å gå igjennom styresakene.

17/20 Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll

18/20 Innspel til god styring av statlege universitet og høgskular

Rektor orienterte.

Til prosessen viser organisasjonane til at dei ønskjer at viktige høyringar vert sendt på vanleg måte for innspel. At det ikkje er tilstrekkeleg at det vert lagt ut informasjon om på vestibylen. Arbeidsgjevar tek dette vidare til nye høyringar i organisasjonen.

NTL spiller inn at dei er oppteken av finansieringssystemet og at ein må legge meir vekt på basisløyving og mindre vekt på resultatbasert finansiering, særleg når det gjeld forskning.

NTL og FF viser til at fleircampusinstitusjonar er viktig å vektlegge i dokumentet. Det vert også spelt inn at regionar må vere sterke og tydelege. Skal vi vere ein sterk høgskule på Vestlandet, må vi ha utviklingsmoglegheiter i vår region.

NSF viser til utfordringar knytt til praksisplassar ved heleseføretak i små regionar. Stiller spørsmål om HVL kan påvirke dette.

Rektor viser til at teamet er knytt til helsepolitikk. Men at det er viktig å legge fram at for å ha nok kompetanse og utvikle rett kompetanse for å drive regionane vidare, er vi avhengig av tett-på praksis.

19/20 Høyring NOU 2020: 3 ny UH-lov

Rektor orienterte.

NTL, FF, UDF og NSF støttar forslag om styringsmodell som opnar for vald rektor. Viser til at det er viktig for legitimiteten til dei tilsette at rektor vert vald.

NTL viser til krav om to sensorar, og at det er fakultet som ikkje nyttar dette fullt ut i dag. Kva blir dei økonomiske konsekvensane av ei slik ordning for HVL og for fakulteta?

Det blir vist til at det er fleire fakultet som ikkje nyttar krav om to sensorar. Det blir også vist til at det ved enkelte fagmiljø kan vere vanskeleg å få tak i to sensorar samt klagesensor.

Organisasjonane er positive til stor ryddeprosess i UH-lova og håper dette vil styrke HVL som institusjon.

20/20 Pilot for forskarline i grunnskulelærerutdanningane 1-7 og 5-10

Rektor orienterte.

Akademikerne er positivt til prosjektet. Dersom HVL får det til er det positivt for sektoren.

21/20 Årsrapport språkpolitisk utval 2019

Rektor orienterte.

Organisasjonane viser til at det er positivt at HVL legg vekt på at utanlandske tilsette lærer seg norsk. Men stiller spørsmål om korleis ein følgjer dette opp. Det vart vist til utlysingstekstene og kravet som er satt til norskkunnskapar der. Dette blir igjen utfordringar i fagmiljø for å kunne integrere dei som ikkje har norsk som førstespråk. HVL må ha ein god ordning knytt til dette.

NTL stiller også spørsmål om å norskopplæring til studentar som ikkje har norsk som morsmål. Det er viktig å at studentane får utvikla gode nok språkkunnskapar til å få gjennomført utdanninga og fungere godt i jobb.

Arbeidsgjevar tek desse innspelane tilbake til språkpolitisk utval som utarbeidar politikken til HVL samt AKS og HR som samarbeidar med opplegg for opplæringa av utanlandske tilsette.

Rektor viser til at vi må ha ein heilskapleg politikk for alle som kjem utanfrå uansett kva slags språk dei har og få desse inkludert i arbeidsmiljøet og faggruppene.

22/20 Godkjenning av utlysingstekst, rektorstilling

Organisasjonsdirektøren orienterte.

23/20 Plan for oppfølging av sluttrapport NIFU

Rektor og organisasjonsdirektøren orienterte.

Organisasjonane stiller spørsmål om språket som er nytta i saksutgreiing. Det er eitt tungt språk som gjer det vanskeleg å bli inkludert.

Det vert stilt spørsmål om korleis partssamarbeid og medverknad skal inkluderast i oppfølginga av arbeidet. Organisasjonsdirektøren viser til at partssamarbeidet vil vere ein del av det saksframstillinga omtaler som konsulterande beslutningsprosessar. Det er viktig her å ha ein systematikk i tilnærminga for å legge til rette for medverknad i organisasjonen.

Organisasjonane viser til at ei av utfordringane vist til i rapporten er at det er stor avstand mellom beslutningstakar og dei som skal gjennomføre beslutningane. Stiller spørsmål om korleis ein skal sikre at beslutningsmyndigheten kan gjerast på lågast mogleg nivå?

Organisasjonane stiller spørsmål om korleis kommunikasjon oppover og nedover i organisasjonen kan forbetrast? Viktig å sikre gode informasjons- og kommunikasjonskanalar i organisasjonen.

Akademikerne viser til at HVL er en kompleks institusjon og at instituttnivåa er forskjellige som gjer det vanskeleg å kommunisere. Det vert vist til at det er ønskjeleg å ha meir tydelege organisasjonskart. Organisasjonsdirektøren viser til at diskusjonen om organisering av fakulteta først må først på fakultetsnivå, der ein er nøydt til å sjå på organiseringa og informasjonsflyten.

NTL stiller spørsmål om punkt 1.3.6. etablering av kulturprosjekt. Organisasjonane er einige om at kulturen ikkje må vere noko som skal pyntast må, ein må ha med seg at kultur er måten vi jobbar på i organisasjonen. Det vert også stilt spørsmål om kulturbygging under pandemien, om tiltaka skal endrast i tråd med dette. Viktigast er det å ha dei tilsette i sentrum når ein tenker på kulturbygging.

Organisasjonsdirektøren viser til at HTV her gir viktige innspel til vegen vidare. Saka som er lagt fram er lagt på overordna nivå og korleis tenke systematisk kring dette. Kommunikasjonskanalar er noko NIFU har peika på og vil vere eit punkt for oppfølging.

Organisasjonsdirektøren viser til eige arbeid med revisjon av tilpassingsavtalen, der ligg det moglegheit for å styrke partssamarbeidet på fleire nivå.

Rektor viser til at det har skjedd mykje sidan NIFU var inne og kartlegge. Håper at vi kan ta med oss noko av det positive som har skjedd under koronaen vidare, t.d. dugnadsarbeid og digitalisering.

24/20 Søknad om utredningstillatelse for efaringsbasert Master i arbeid med par, familie og nettverk ved FHS

Rektor orienterte.

25 /20 Søknad om utredningstillatelse for efaringsbasert Master i klinisk sjukepleie – kroniske sykdommer og smittevern ved FHS

Rektor orienterte.

26 /20 Søknad om utredningstillatelse for efaringsbasert Master i avansert klinisk allmennsykepleie ved FHS

Rektor orienterte.

Felles tilbakemelding til sakene 24/20-26/20:

NTL er positive til at FHS er offensive og at dei ser moglegheitene til å omdisponere midlar internt på fakultet for å etablere nye masterstudiar. Viser til at det er positivt til å etablere masterutdanningar på fleire campus.

Akademikerne stiller spørsmål om fakultetet har nok ressursar til å drifte desse utdanningane.

Rektor viser til at det er dette fakultetet no skal greie ut om dei har moglegheit til å gjennomføre desse utdanningane med sine tilsette.

27 /20 Status og tiltak for å styrke universitetsprosjektet

Rektor orienterte.

NSF tolkar det slik at dei stillingane i raud skrift, post.doc. og professor II som skal finansierast av desse midlane som er eitt ledd til universitetssøknaden. Samstundes viser til at det no er tildelt FOU- ressursar på fakulteta, der dei fleste no ha fått mindre FOUtid enn tidlegare år, med grunningjeving av at det no har blitt fleire førstestillingar.

Rektor viser til at det er utarbeidd prinsipp for FOU tid på HVL nivå, men at det er fakulteta som skal handtere/fordele denne tida.

FF stiller spørsmål om usikkerheit knytt til at det er ein stor pott som skal investerast for å få ein kortsiktig gevinst. Ein må då også akseptere at det vil vere større forskjellar i fagmiljøa, då tildelinga vil vere knytt opp til doktorgradsutdanningane. Er saka handsama i HVL sitt forskings- og innovasjonsutval?

Rektor viser til at ein aldri kan vere sikker på kva effekt desse tiltaka har, og korleis situasjonen blir i 2023. Men post.doc stillingar vil kunne styrke kompetansen til HVL, og vil dermed kunne erstatte naturlege avgangar ved HVL. Det er universitetsprosjektet som har handtert saka, den har vore løfta til SLG, men er usikker på om forslaget har vore drøfta i forskings- og innovasjonsutvalet.

NTL stiller spørsmål om del mellombels stillingar vil gå opp, og kva tiltak vil bli gjort for å motvirke dette og korleis kan ein styrke fagmiljøa ein allereie har ved HVL.

Rektor viser til dei som vert tilsett skal bli knytt til eitt fagmiljø. Det er fagmiljøa sjølv som får tilgang til å søke etter post.doc stillingar. Det er fakulteta som må vurdere kven fagmiljø som får stillingar, og det må difor ligge visse kriterium knytt til EU-forsking og internasjonalisering til grunn for fagmiljøa som får stillingane.

O - 16/20 Status søkjartal pr. 15. april

Rektor orienterte.

O - 17/20 Midlertidig endring i forskrift om studium og eksamen ved HVL

Rektor orienterte.

O – 18/20 Orienteringar frå rektor

Rektor orienterte.

NSF stiller spørsmål knytt til koronasituasjonen og gjennomføring av undervisning til hausten.

Rektor viser til at vi er nøydte til å begynne med dei føringane som er gitt nasjonalt, ting kan endre seg dag-til-dag. Men truleg vil det bli mindre grupper og meir digitalt. Det vert vist til eventuelt sak knytt til hurtigarbeidande arbeidsgruppe som skal arbeide med planlegging av undervisning til hausten føresett at vi har redusert kapasitet på grunn av smittevernstiltak.

Akademikerne viser til at studiestart truleg ikkje vil vere slik vi er vant med. Men viser til at det er viktig å ha eitt godt apparat for mottak av nye studentar og ha eitt godt program for desse.

Hovudverneombod er bekymra for tilsette på «heimkontor», og korleis ein kan følgje opp desse. Rektor og avdelingsleiar HR viser til at det er forskjellige behov for dei tilsette på «heimkontor». Viktig å formidle til leiarane at dei har kontakt med sine tilsette, men også at tilsette må spille inn til sine leiarar dersom dei har einskilde behov.

NSF stiller spørsmål om HVL-samlinga som er planlagt 23.november i Grieghallen, og velferdsmidlar som er sett av til sommarfestar.

Rektor viser til at ein har avventa noko for å sjå på nasjonale føringar, det er ikkje teke noko avgjerse enno. Men det vert gitt beskjed når det er klart. HR vil sjå på moglegheit for å nytte velferdsmidlar annleis.

ANDRE SAKER:

16/20 Revidert forslag til årshjul for saker og møterverksemd mellom organisasjonene og arbeidsgivar
Organisasjonane er einige i forslaget. Årshjul vert oppdatert og det blir kalla inn til digitale møter.

YMSE/INNSPEL:

UDF: lønnsoppgjer for medlemmar som nærmar seg pensjonsalder

Moglegheit for ein ordning for dei som fell utanfor og går glipp av eitt hovudoppgjer no som det er flytta til september.

Organisasjonsdirektøren viser til at dette handlar om ein diskusjon knytt til lønnspolitikken.

UDF: oppfølging av diskusjon med styret, knytt til saksdokument på fakultetsnivå

Viser til at drøftingsdokument ikkje skal gjerast kjent på fakultetet og at det berre er TV som får innsyn. Ønskjer meir innsyn.

Organisasjonsdirektøren viser til at dette er ein diskusjon som kan takast i arbeidet med revidering av tilpassingsavtalen.

NSF: oversikt over meirkostnadar knytt til koronasituasjon

NSF ønskjer oversikt over meirkostnadar knytt til koronasituasjon og ønskjer ei klargjering av meirkostnadar for den tilsette knytt til det med heimekontor.

Avdelingsleiar HR viser til at vi ikkje kan spekulere i kostnadar i denne perioden. Dette må bli sett på til kvartalsrapporteringa av rekneskapen som kjem som styresak i juni.

Organisasjonsdirektør viser til at meirkostnadar for tilsette knytt til heimekontor må vi ta vurdere nærare. Det må vurderast om det er pårekeleg eller ikkje. Det er mogleg å bestille / hente ut utstyr frå våre lokalar. Dersom det er noko ekstraordinært må ein ta dette med næraste leiar.

NTL: innflytting i K2

NTL stiller spørsmål om innflytting i K2 og korleis dette vert handsama i situasjonen vi no er inne i.

Organisasjonsdirektøren viser til informasjonsside som er knytt til dette prosjektet på vestibylen og oppmodar tilsette å følgje med her.

Det er lagt ut informasjon frå ADU knytt til organisering av flyttestilsette samt kontaktpersonar ein kan kontakte ved spørsmål.

Det er einingsleiarar som får forslag til plan for flyttestilsette frå ADU og vil orientere sine tilsette.

FF: oversikt over FOU tid på fakulteta

FF spiller inn ønske over å få oversikt over korleis fakulteta nyttar seg av FOU-ressursane. Viser at det er ønskeleg å sjå dei ulike fakulteta opp mot kvarandre knytt til universitetsprosjektet. FF viser her til at det vareiar mellom fakulteta kva økonomisk handlingsrom dei har for tildeling av FOU-tid.

Avdelingsleiar HR tek dette tilbake og vil utarbeide oversikt til HTV. Men viser samstundes til at det vil vere forskjellar fordi fakulteta har ansvaret for å følgje opp HVL-retningslinjer for tildeling av FOU-tid.

FF: tid til tillitsvaldarbeid

FF viser til at det har vore signal om å kutte ned tid til tillitsvalde. Det er uheldig i dagens situasjon og at vi er i ein høgskule i omstilling.

Organisasjonsdirektør viser til at endring av ressursar til tillitsvalde ikkje vil bli endra utan ein prosess.

HVO: har fokus på tilsette i koronasituasjonen

HVO viser til innspel frå HVO og VO i organisasjonen og stiller spørsmål om korleis ein kan fange opp tilsette som faller utanfor dei uformelle faste møta. Det er satt en strategi for studentar men ikkje for tilsette. Areal og flytting, korleis handterer HVL garderobar i bygga som er knytt til arbeidsplassforskipta Digitale verktøy, uheldig at tilsette vert kasta ut av Zoom og Skype.

Ferie, uheldig å endre informasjon når leiarar allereie har sendt ut varsel om at tilsette skal søke ferie. Arbeidsgjevar viser til at det alltid vil vere digitale utfordringar knytt til heimekontor. På spørsmål knytt garderobar er dette sendt vidare til drift.

Arbeidsgjevar ønskjer at tilbakemeldingar og utgreiingsspørsmål vert lagt i teams. Det er vanskeleg å svare på desse i møta utan å kunne forberede seg. Ein har moglegheit å referatføre saker som takast opp der. Må sjå på moglegheit for å lage ein logg med spørsmål og svar.

Organisasjonsdirektør: oppnemning av arbeidsgruppe som skal arbeide med undervisning til hausten

Det vert no satt i gang arbeid for å planlegge for redusert arbeidskapasitet hausten 2020, som skal utarbeide råmer for arbeidet vidare. Det er ønskjeleg at organisasjonane melder inn ein representant som kan vere med i denne gruppa. Må melde inn namn til Helge Skugstad innan 28.04.

Det vil komme ein drøftingssak 7. mai knytt til ev utviding av kjernearbeidstid.

Organisasjonsdirektør: dokument kring smittevern

Takker for mange gode innspel, det vil bli arbeidd vidare med hovuddokumentet. Men dokumenta knytt til labbar og øvingsrom er i dag godkjend og vert informert ut i organisasjonen i dag.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.